

Møte med velforeiningane i Vågå kommune 24.3.18, kl.13.00

Desse deltok: Vågå kommune ved ordførar og varaordførar, Vågå fjell turløyper ved styreleiar Øystein Formo, Steinar Løkken, Jørn Breili, Kårhild Husom Løken, Terje Bakken, Ole K. Herlofsen, Bjøru Olsen, Ulf Wold, Einar Einsrud og Kari Alvim.

Møteleiar: Øystein Formo

Sekretær: Iselin Jonassen

To til å godkjenne protokoll: Steinar Løkken og Ulf Wold

1: Målet med møtet

Vågå kommune har ynskje om å få til eit møte med alle velforeiningane for hyttefelta i kommunen. Vågåfjell Turløyper tok initiativet til dette fyrste møtet og kalla inn til møtet saman med Vågå kommune.

2. Orientering om Vågåfjell Turløyper

Vågåfjell Turløyper vart danna i 2004. Det med bakgrunn i eit stort møte mellom hyttefolk, idrettslag, andre.

Vågåfjell Turløyper består av ca.300 kilometer løypetrase, som er registrert på skisporet.no.

Dette er noko å vera stolt av, da dette er det lengste løypenettet i Gudbrandsdalen. Det er høg kvalitet på skispora som blir oppkjørt.

Den gongen gjekk Aller Media AS, inn med ein stor pengesum den gongen, og det vart bestemt at dei skulle ha ein styreplass. Denne styreplassen er i dag representert ved Øystein Formo.

Dagens styre i Vågåfjell Turløyper: Øystein Formo, Marit Furuset, Vegard Brimi, Kjetil Villa og Marius Haugaløkken.

3. Vågåfjell Turløyper sin økonomi per i dags dato

Vågå kommune	150 000 .-
Vågå Fjellstyre	70 000.-
Bedrifter/sponsorer	300 000.-
Giro innbetaling	200 000.-
Velforeiningar	69 000.-

Vågåfjell Turløyper har eit mål om å auke drifta med 300 000.- Dette for å kunne utvikle løypenettet enda ytterlegare.

Fastbuande i Vågå kommune yter ein del til løypelaget og bidraga aukar i storleik pr. person.

Det er viktig at også hytte eigarane sitt bidrag blir auka.

Det må til ei økonomisk styrking for at Vågåfjell Turløyper skal kunne oppretthalde dagens kvalitet og aktivitetsnivå.

4. Vågåfjell Turløyper sin infrastruktur

Vågåfjell Turløyper har over tid arbeid for ein infrastruktur som kan nyttast heile året. S4 som står for Ski, skilt, stig og sykkel. Dette er prosjektet det blir arbeidet med for å nå målsetjinga om heilårs infrastruktur. Det tek tid å byggje dette opp da det er kostnadskrevjande. Dette er under kontinuerlig utvikling.

Frå Velforeiningane blir det peikt på den positive verknaden dette har for alle hytteområder og at det dreg opp marknadsverdien i området ved sal av hytter. Dei aller fleste salsprospekta i området omtalar skiløypene som svært positivt.

5. Korleis oppretthalde dagens standard og utvikle løypenettet

Det er behov for ei større økonomisk ramme. Dette vil bli teke opp som eiga punkt når velforeiningane held årsmøte. Velforeiningane viser til at det er viktig med ein heilårs infrastruktur med ski, skilt, stig og sykkel.

Det vil bli laga målretta kampanje for å få fleire til å bidra.

6. Eventuelt

Det vil bli innkalla til eit fellesmøte mellom alle velforeiningane som har tilgang til løypenettet ein gong i løpet av juni. Dette for å koordinera arbeidet med løypenettet. Vi veit at det er mange som legg ned mange timar med frivillig innsats i dag for å auke kvalitet og kapasitet på løypenettet. Dette er ressursar ein ynskjer å ha med seg i vidare satsing. Vågåfjell Turløyper innkallar til dette møtet.

Det er einigheit om at dette skal bli eit årleg treff mellom velforeiningane for hytteområda i Vågå kommune og Vågå kommune. Det kan også være aktuelt å ha to treff pr. år. Vågå kommune innkallar til dette møtet.

Ref: Iselin Jonassen, ordførar Vågå kommune. Møte slutt 15.00

